



Haukeland Invest AS
Stian Haukeland
Vetåsvegen 77
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2312 - 22/62225

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
18.08.2022

Ferdigattest - gbnr 474/58 Olsvoll

Administrativt vedtak: Saknr: 885/22
Tiltakshavar: Haukeland Invest AS
Ansvarleg søkjar: 4consult AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for lagerhall på gbnr. 474/58//.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.
Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 30.03.2021. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 16.06.2022 og supplert 17.08.2022.

Skildring

Adresse:	Radøyvegen 723
Bygningstiltak:	Lagerhall
Bygningsnummer:	300864706
Bruksareal:	409 m ²
Avlaup:	Offentleg avløpstilknytning
Vatn:	Offentleg vassverkstilknytning

Regelverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/2312

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

4consult AS

Engelsvollvegen 4353
264

KLEPP STASJON

Mottakarar:

Haukeland Invest AS

Vetåsvegen 77 5938

SÆBØVÅGEN